Fanden på to hjul

Smeden Hans Jakob Bentzen Olsen frå Stavanger var son av Ole Georg Olsen på Einstadbøvoll. Han laga det som kan vera den første pedaldrivne sykkelen i Noreg. Ideen fekk han truleg på ei studiereise til Tyskland.

Han vakte nok oppsikt i Stavanger, og ikkje mindre oppsikt då han kom syklande på kongevegen gjennom Sveio fram til farsgarden på Einstadbøvoll. Ikkje rart klokkaren i bygda meinte det var fanden sjølv som kom på ein slik underleg køyredoning med gneistar som stod ut frå jernskoningane på hjula. Sykkelen vart verande i bygda og sist brukt til postføring.

Ramma er av usliteleg smijern med gaflar som er festa til nava. Der sit og pedalane som gir framdrift. Setet har ei viss fjøring. Hjula er kjerrehjul i tre. Smeden hadde god røynsle med slike frå kjerreproduksjonen som faren dreiv på Einstadbøvoll.

Sykkelen tilhøyrer i dag Sunnhordland museum. Han var ein av dei første tinga museet sikra seg då det blei etablert i 1914.

Kjelde: «Typisk Sunnhordland?» - 100 år 100 ting, utgitt av Sunnhordland museum i 2013

Sveio kommune

Utgitt av Sveio kommune 2016. Foto: Ida Kristin Vollum, Jorunn Skåden



Einstadbøvoll gard

Den særprega Einstadbøvoll gard i Valevåg blei freda av Riksantikvaren i 1923, som ei av dei tidlegaste fredingane i Hordaland. Garden har i dag 18 ståande bygningar, av dei er 17 freda. Våningshuset er bygt i tre, medan alle dei andre bygningane er av stein. Inspirasjonen til gardsanlegget er henta frå utlandet. Det gjer garden einestående i sitt slag, og utypisk for byggjeskikken elles i Sunnhordland.

Historie

Namnet har vore skrive på mange ulike måtar opp gjennom tidene, men kjem truleg av einstapi, som er ei bregne, samansett med voll. Både Einstapevoll og Einsta(d) bøvoll er i bruk.

Garden er gammal, men kor gammal veit me ikkje. Første skriftlege omtale av garden er frå 1519. Vel 100 meter frå tunet ligg det restar av ein steinalderbuplass.

Historia til garden slik han ser ut i dag, starta i 1816. Då overtok den danskfødde prestesonen Ole Georg Olsen drifta av garden. Ole Georg drog til sjøs med det same han var konfirmert. Under Napoleonskrigen låg skuta i ro i Malaga i Spania i 6 år, til freden i 1814. Då drog han heim, og gifta seg med Ingeborg Marie Juel. Dei busette seg på Einstadbøvoll i 1816. Den første tida bygsla (leigde) Ole Georg garden av kyrkjedepartementet, men i 1832 kjøpte han garden for 600 specidalar.

I byrjinga var der om lag ikkje hus å bu i. Det gamle stovehuset måtte støttast opp for at det ikkje skulle ramla. Men Ole Georg var ein driftig mann, og sette straks i gong med å byggja opp garden. Pengane fekk han frå utvinning av skifer, som han fann i fjellskråningane ved garden. Ole Georg blir skildra som ein begava mann med mange interesser, eit oppfinnargeni, og svært nevenyttig.

Garden trakk til seg dyktige arbeidsfolk frå mange kantar. Mange kom frå Telemark. Dei var rekna for å vera betre jordarbeidarar enn vestlendingane, som ofte var meir fiskarar. "Kunstverket" Einstadbøvoll voks fram som eit parkanlegg med murar og sjeldne plantesorter.
Alle bøgardar er murt av avfallsstein frå helleberga, i om lag 180 cm høgd, og hellelagt på toppen. Anlegget er symmetrisk oppbygd rundt ein akse frå våningshuset med terrassar framfor, gjennom hagen og vidare nedover enga. På det meste var det i alt 20 bygningar på eigedomen. No står 18 hus att. Garden vart freda i 1923. Den har vore i familien Blytt si eige sidan 1929. Garden er i dag i aktiv drift med mellom anna mjølkeproduksjon, skogsdrift, pyntegrøntproduksjon og hundeoppdrett. Tre generasjonar av familien Blytt bur i tunet.

Garden ein fin vårdag i slutten av mai, rundt 1835:

Ferdafylgjet legg til ved garden sitt naust i Einstapevollvika. På land stig bispen saman med bror til Ole Georg, Rolf, som var prest til Fusa, og anna gjevt folk. Dei går opp mot garden i ein allé av blømande raun og asal. Ved løebygninen går alleen over i store lønnetre. Sirlege steingardar forsterkar inntrykket av orden. Dei svingar inn på helleterrassen gjennom porten i muren. Blømande rosebuskar og blomar i beda på terrassen. I hagen eit hav av blomar på blømande frukttre. Summande bier, herleg duft av blomar, av vår og sommar. Tenestejenter og drenger i full aktivitet. På trappa framfor huset står herr Olsen – stor, kraftig, staseleg – i lag med hustru – omkransa av 10 ungar – frå 0 til 19 år. Stig ned trappa til gjestene, ynskjer velkommen og femner dei inn i sitt skaparverk.
(---)